

Over 6000 på Festidalen 2016.

16.09.2016



Utsnitt frå Kvinnheringen 16.09.2016

**Avisa Kvinnheringen presenterer i dag ei illustrert dobbelside som på ein informativ måte fortel om aktiviteten på og omfanget av Festidalen 2016. Det var 4400 publikummarar på festivaljordet på Dønhaug dei to kveldane. I tillegg kjem 1500 besøkjande på alle sidearrangementa og 331 frivillige, altså til saman over 6000.**

Kvinnheringen sin illustrasjon fortel også at dei totale inntektene var rundt 4 millionar kroner. Desse kjem i hovudsak frå servering og sponsorar i tillegg til billettinntektene. Det var 200 overnattningar på festivalcampingen og det vart delt ut 800 sett med øyreproppar.

Illustrasjonen til Kvinnheringen gjev også eit godt bilete av kva som vart selt av mat og drikke. Det vart mellom anna selt 2470 av dei saftige hamburgerane, 10.337 halvliterar og 341 koppar kaffi. Mykje meir av mat og drikke vart også selt, og alt dette finn ein på illustrasjonen til avisa Kvinnheringen. Den er laga av Vidar Håland.

Heldigvis er det mange som foreviga dei gode øyeblikka. Festidalen hadde egne fotografar under heile festivalen. Kor mange bilete dei tok, veit eg ikkje, men Lars Martin Teigen som knipsa for Kvinnheringen, i hovudsak på Dønhaug, tok 3000 bilde.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland